



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

29. årg

Juni/Juli 1975

Nr. 5

Ljoset og livet

«Enno ein gong den velsignad eg fekk at gauken eg hørde», seier Vinje i sitt kjende vârdikt. Ja, gauken er ein velsigna fugl som varslar, at no kan me smaka på spekekjôtet. I eit vârdikt i bladet «Stille Stunder» skriv den aldrande skalden, prost Lars Tjensvoll: «Eit takkekvad eg kveda vil. Eg er så glad at eg er til.» Det er så ekte og fint sagt. Det er også mi helsing til deg som les dette. Og takkekvadet mitt gjeld ikkje berre spekekjôtet endå det er vel verdt eit takkekvad. Nei, det er så gildt å få oppleva våren enno ein gong. Det er så fint med all grønfargen på mark og skog, og fuglesongen som prisar ljuset og livet, medan skittrasta, svala og linerla byggjer reir under hustaka våre og under takopsa på Bruvik-kyrkja. Når rett var, skulle me gå og nynna på salmer og songar, lytta til fuglekoret og kjenna på den gode angen av hegg og nyslege plengras.

Også her i oljebyen, Stavanger, er

våren komen. Men retteleg vårstemning opplever ein i grunnen berre ved å sitja på ein pensjonistbenk i parken ved domkyrkja. Kyrkja og trea rundt iortel utan ord at «enno ein gong fekk eg vetren å sjå for våren å røma.» Men i dei gamle trea rundt kyrkja syng ungdomsfriske fuglar sine kjende tonar som dei har lært av fuglemor og fuglefar. Gauken er ikkje med i iuglekoret her. Han er ein kræsen fyr som ikkje toler oljelukt og bråk av bilar. «Klokken ringer til kirke, og gjøken ringer til skovs.» Det er gildt å sitja på pensjonistbenken ved Stavanger katedralen, ikkje minst ein vârkveld. Fortid og notid vert knytte saman til tonar frå songfuglane i dei gamle trea rundt pensjonsbenken. Då tonar det inni pensjonisten: «Eg er så glad at eg er til.»

Alle som opplever noko av vârdagen får ei varm kjensle av Gud Faders omsut. Alt minner om Gud. Det er rikt og stort å få oppleva noko av

Gud i våre medmenneske. Om opplevinga av ein vakker blomst kan gjeva sinnet ro, fred og glede, kva kan då ikkje eit menneske gjeva med si tru, tillit og kjærleik når augo er vende oppover til Han som er Far til alt som heiter born i himmelen og på jorda.»

Det sat ei lita blind jente på ein stein ein vakker vårdag og lytta til fuglesongen. Ein sval vind risla i treader fuglane sat. Små vårblomar stakk fram her og der på marka med så god ein ange. Den blinde jenta tok til å gråta, men ikkje av sorg. Det var glede står. Alt var så vakkert. Så falda ho hendene og bad høgt: «Himmelske Far. Eg takkar deg for at du har skapt småfuglane som syng så fint og for blomane som angar så godt, og den milde vinden som stryk meg over kinnet. Kjære Gud, kor god du er imot meg». Ei travel oppteken husmor som gjekk framom, der jenta sat, stansa opp, då ho hørde jenta bad. Ho lytta til bønna. Så fekk også ho oppleve vårdagen i møte med eit Gud-gjeve menneske. Då vert vårstemningen til bøn: Kjære Gud, kor god du er imot meg.

*Beste helsing frå
Klara og Gudmund Skiftun.*



Dale Servicestasjon
THORE ROGNVED
Tlf. 2189 Dalekvam
Bensin — Dekk — Rekvisita

**Arth. og Arne Vaksdal
HANDEL**

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161
Stanghelle — Vaksdal — Dale

Til det kongelege kyrkje- og undervisningsdepartement og presidentskapet i det norske Storting

I samband med den situasjon som er oppstått ved Stortingsvedtak om ny lov om svangerskapsavbrott vil prostimøtet i Hardanger og Voss prosti med representantar frå prestar og sokneråd i desse ni prestegjelda: Ullensvang, Odda, Vaksdal, Voss, Vossestrand, Ulvik, Kvam, Strandebarm og Røldal, samla til møte 31. mai, uttale følgjande:

Ved denne nye lova har me i Norge for første gong fått ei lov som i praksis vil strida mot Guds klåre ord og bod når det gjeld retten til liv for alle. Vedtaket i Stortinget sine organ vanskeleggjer det tillitstillhøvet som er føresetnaden for vår noverande kyrkjeskipnad.

Med denne nye lova har staten teke eit alvorleg steg mot eit brot med kyrkja ved å opna for ein abortpraksis som går mot det Guds ord som kyrkja er forplikta på. Dette har ei samla kyrkje gjort klårt ved fleire høve før den nye lova vart vedteken. Kor alvorleg tilhøvet mellom staten og kyrkja no er, går tydeleg fram ved biskop Per Lønning sin avskil. Me har djup respekt for hans reaksjon og handling. Resolusjonen er samrøystes vedteken.

Voss, 1. juni 1975.
Hardanger og Voss prostiråd
Hans Soldal, form. sign.
Hardanger og Voss prosti
A. Østtveit, prost. sign.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam
Medarbeidarar: Magne O. Steinnes, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.
Kasserar Ragnar Trohjel, 5297 Gammersvik.
Postgiro nr. 7 23 47. Bankgiro nr. 103385/123.
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.
Bladpengar kr. 10,— for året.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri,
5601 Norheimsund — tfn. 8.

Prostimøte for Voss og Hardanger

*Mange aktuelle emne drøfta
i foredrag og samtale.*

Laurdag 31. mai kunne prost Østtveit helsa velkomne til prostimøte på Helgatun, utsendingar frå sokneråd, prestar og andre interesserte. Frammøte var uvanleg godt.

Prostirådet hadde valt ein arbeidsmåte med innleiingsforedrag og samtale etter kvart foredrag. Desse emna vart drøfta: «Kristendomsundervisninga i ei ny tid» v/ lærar Sjur Sekse, «Heilskapskatekumenatet, noko nytt i kyrkja» v/ sokneprest Tore Koppe-
rud, «Aktuelle oppgaver på prostiplanet», v/ bispedømesekretær O. Bjellås og diakonkonsulent Tor Aspholt, «Guds folk i folkekyrkja» v/ forkynnar Alfred Hamre.

Ved byrjinga av møtet heldt sokneprest Kjell Nese andakt, og prost Østtveit og sokneprest Nils Bjelkemyr stod for gudstenesta med nattverd i kapellet sundag. Det vart sendt fråsegn til departement og Storting i høve ny lov om svangerskapsavbrott.

Møtet gjekk samrøystes mot lova som ein meiner strir mot Guds ord.

Gjennom foredrag og samtale vart oppgåvene for kyrkje lagt fram klårt og konkret. I forkynninga må det komma fram at det kristne livet er ei teneste, slik Jesus lærde oss det. Dette er den kristne måten å leva livet på. Kristne menneske må vakna til nytt ansvar for oppgåvene som ligg og ventar. Alle er me forvaltarar for det me har fått, og me er Guds medarbeidarar.

Helgatun er ein svært hyggeleg stad med godt matstell og stor gjestmilde. Tenarskapet fekk varm takk for dette, og dei ynskte oss velkomne attende ved seinare høve.

NSt.

Kjenner du kyrkja di?

7 Kyrkja på Nesheim

Frå gammalt var Evanger kyrkjestaden for folket i øvre Eksingedalen. Dei laut fara dit over fjellet etter lange og vanskelege vegar, til gudstenester og til alle kyrkjelege handlingar.

Gravstad har det likevel vore på Nesheim frå gammalt. Det er merke etter gravhaugar attmed den gamle gravstaden.

Sumaren 1897 var det eit samrådsingsmøte på Nesheim. Grenda hadde fått ei pengegave på kr. 2.000,— frå ein, Gudleik Larsen Trefall, som då var heime frå Amerika. Møtet valde ei nemnd som skulle taka ut tuft, og m.a. søkja om stønad frå Opplysningsvesenets fond. Nemnda laga kostnadsoverslag for ei tre-kyrkja med 120 sitjeplassar. Kostnaden var rekna til kr.

8.500,—. Grunnarbeid, grunnmur og transport var ikkje med i denne summen.

Hausten 1905 gav Kyrkjedepartementet lovnad om kr. 2.000,— av ovannemnde fond, og elles løyve til bygging på ymse vilkår.

Det vart no kjøpt skog på rot, for det meste på garden Eikefet. Vyrket vart saga opp til bygningsplank og kantmaterialer, og frakta på vinterføre fram til byggestaden.

Taket er Vosse-skifer. Det gjekk med jernbane til Stanghelle, og vidare mot båt til Eidslandet, sidan med hest og slede til Nesheim. Det var bygdehandtverkarar som bygde kyrkja. Dørar, vindaugo og all innreidnad vart laga på byggeplassen.

Kyrkje var ferdig i 1908, og vigsla av biskop Erichen, prost Christie, og sokneprest Onstad i Evanger.

Seinare har kyrkja fått orgel. Til 50 årshøgtida vart ho måla inni. Det kom og nytt altarbilete. I 1972 vart sakristiet ombygt med plass til bærehus m.m.

Ved kongeleg resolusjon av 1905, vart det lagt 4 gudsteneste for året til Nesheim. Seinare vart dette auka til 6 og er no 10. Frå i januar 1968 høyrer Nesheim sokn til Vaksdal Prestegjeld. Kyrkje har vore nytta til møter og stemnor, til sine tider med stor tilslutning.

Lars Nesheim.

Vi har no vore ein snartur rundt til alle sju kyrkjene i Vaksdal noverande prestegjeld. Fire kyrkjer vart etter kvart gamle og måtte fornyast. Før noverande kyrkje på Stamnes, har det stått to kyrkje der. Den første vart reist alt ikring 1120. I våpenhuset i

Dale Kyrkje står ein vakker modell av «Gamlekyrkja» på Dale. Og tømmeret frå den første kyrkja som vart bygd i Eksingedalen, er no bygd inn i eit våningshus på Bindingsbø. Slekt etter slekt har vakse opp, blitt innlema i Guds rike ved dåpen, mango drog ut, men mange fekk kvile i vigsla jord ved heimekyrkja.

Mykje har skifta, ja — men ein ting har vore det same. Evangeliet, den glade budskapet som lydte då dei første tok til å samlast i den første vesle tre-kyrkja på Stamnes for om lag 850 år sidan, — det er det same endå! Og den glade budskapet er denne, at — «So har Gud elska verdi at han gav sonen sin den einborne, so kvar den som trur på han, ikkje skal verta fortapt, men hava æveleg liv.»

Nokon annan attest for mennesket enn at det er fortapt, er endå ikkje komen. Og nokon annan veg til frelse for syndige mennesker, er heller ikkje funnen. Gud gjeve at denne budskapet må lyde klart og reint i våre kyrkjer, og at folket som soknar til desse kyrkjone må høyre det og gjeva det rom i hjarta!

L. Bj.

Prestane har ferie

Res. kap. Steinnes har ferie 1.—28. juli.

Sokneprest Bjørsvik har ferie 29. juli — 27. august.

Den tida Bjørsvik har ferie, har Steinnes kontordag på Dale kvar fredag kl. 14.00 — 16.00 i Prestebustaden.

Steinnes telefon 3688, Bjørsvik 2220.

Barnas beste venn!

*Til meg skal borna koma
Sjå eg er deira venn.
For deira er Guds rike»
Slik talar Jesus enn!*

Det skulle vært spennende å vært der da Jesus sa dette. Tror du vi hadde klart å trenge oss frem der han satt? Husker du alle de menneskene som sto tett, tett sammen for å høre hva Jesus hadde å si? De vaksne skjønnte at dette var viktig — og derfor så tenkte de bare på seg sjøl! Men bakrest i flokken sto det mange små barn — de holdt mor og far i hendene og maste. «Jeg vil også se Jesus.» Mor og far løftet dem opp og så prøvde de å skubbe seg vei frem gjennom flokken. Men da snudde folk seg, noen flyttet seg vel, men mange ble sinte — og disiplene, vet dere hva de gjorde? — de jagde både barna og foreldrene: «Gå hjem! dette er for voksne som kan forstå hva Jesus snakker om!» Men dette hørte Jesus — og vet dere, jeg tror han ble sint! «Å, neida, dere som tror dere forstår så mye! Dere har ikke skjønt at barna er mine venner, for de har Gud som sin sterkeste Far! Kom hit med dem alle!» Og så løftet han dem opp på fanget hver sin gang, og ba til Gud for dem!

Jesus vil være din venn, vet du det? Han blir aldri lei av å være din venn heller. Ikke når du blir vaksen engang og tror du kan klare der uten han. Husk at selvom du ikke alltid greier å være bestevenn med Jesus — så klarer han å være din beste venn!

Turid Steinnes.

Solskin innanbords

En morgenkåsur i NRK sa at vår personlige barometerstand stemte ikke alltid med værvarslingen. Vi hadde hele registeret inne i oss, tilpasset vår egen situasjon.

Denne replikken vekket et halvglemt minne fra en dag eg var så hjerteglad. Grunnen til min glede var intet mindre enn at jeg hadde sett «Guds Frelse», og tatt den i favn som gamle Simon. Solskinn, sommersolskinn — sang det i min sjel. På veien traff jeg en kjenning. Du verden så det rigner i dag! Å — det var sant det han sa, det var et ufyselig høstver. Solskinnet innanbords hadde overstrålet det hele.

Det har vekslet både før og siden helt til det motsatte, sol ute, storm inne. Det er sagt ofte at vi ikke må bygge på følelser, men å ignorere dem er heller ikke lett. Hvis vi var tinnsoldater — så. — Vi er udødelige sjeler ikledd kjøt og blod med tilhørende følelsesliv. Vi kjenner sorg og glede i utallige variasjoner. Den almektige Gud som skapte oss, vet dette. Derfor står det så godt i Jakobs brev. «Den som trenger hjelp, kan få be om det, og den som er glad, kan synge lovsanger.»

Men å bygge sin frelse på skiftende følelser — det er altfor gyngende grunn.

Johanne B. Helle.

Eidsland Samvirkeleg

EIDSLANDET

Filial: Lavik

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

DALE:

Lone Dalseid, fødd 26. oktober 1972, døypt 17. mai 1975.

VAKSDAL:

Erik Magnus Bruvik, fødd 16. mars 1975, døypt 18. mai 1975.

Anette Herfindal Jørgensen, fødd 3. februar 1975, døypt 25. mai 1975.

Til meg skal borna koma.

VIGDE:

DALE:

Asbjørn Sjøtun, og Liv Hjørnevik, vigde 10. mai 1975.

Lasse Adler Ekanger og Eva Kristin Relersen, vigde i Bergen 16. mai 1975.

Jan Atle Slette og Hjørdis Haugland, vigde 7. juni 1975.

VAKSDAL:

Kåre Herfinn Lie og Ruth Jørgensen, vigde 16. mai.

Frank Johnny Jørgensen og Anne Berit Knutsen, vigde 7. juni 1975.

AVLIDNE:

DALE:

Thomas Stanghelle, fødd 4. juli 1902, døydd 26. april 1975, gravlagd 2. mai.

VAKSDAL:

Sigurd Johan Bruvik, fødd 23. juli 1892, døydd 21. april 1975, gravlagd 25. april.

Haldor Kjøndal, fødd 3. desember 1903, døydd 6. mai 1975, gravlagd, Flatekval 13. mai.

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam
Telefon Dalekvam 2261
Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke- jakker og gensere

Hausvik og Faugstad ^{A/S}

Vaksdal

Telefon 3603.

Innkomne bladpengar

desember 1975 — mars 1975.

Thea Bruvik Dale	kr. 460
Helga Dale, Dale	» 110
Gudrun Dyvik, Stamnes	» 160
Håkon Helle, Stanghelle	» 110
Oddmund Faugstad, Vaksdal	» 40
Margit Kvamme, Stamnes	» 130
Asbjørn Nese, Eksingedalen	» 280
Sigrun Straume, Stamnes	» 340
Magne Hesjedal, Hesjedal	» 30
Lilly Kulshamar, Stamnes	» 350
Gjertrud Kallestad, Stamnes	» 50
Elsa Fjæren, Stavenes	» 150
Inger Farestveit, Langhelle	» 200
Bladpengar v/ Vaksdal sokner.	» 600
Direkte til kasseraren	» 465
Gåva til bladet	» 200
Annonser	» 500

Med helsing og takk.
Kasseraren

STIFTSNYTT

STIFTSMØTET 1975. Etterutdanning er eit ord som vår tid er mykje oppteken av — og med rette.

Stiftsmøta for prestefolk frå heile bispedømet, har vore planlagde med nett dette aspektet for augo.

I år vert Stiftsmøtet skipa til på Voss i tida 2. — 4. september. Biskopen opplyser at ein millom anna vil ta opp stat/kyrkje-problematikken og arbeidet med bibelomsetjinga.

* * *

Arbeidet med bibelomsetjinga pågår som aldri før. Antalet på omsetjingsarbeid som bibelselskapa no arbeider med, er kome opp i 617. Det er 46 fleire enn for eit år sidan.. Ved siste oversikt var Bibelen heilt eller delvis omsett til 1526 språk — og eit nytt språk kjem til om lag kvar 14 dag.

Velkomen til Kyrkja

4. Søndag etter Triening, 22. juni:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Friluftsgudsteneste og Stemne ved Fitjavatnet, kl. 12.00. Sokneprest Heggheim og Res. kap. Steinnes, m.m.

5. Søndag etter Triening, 29. juni:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Stamnes Kyrkje kl. 17.00. Res. kap. Steinnes. Offer til Bispedømerådet.

6. Søndag etter Triening, 6. juli:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.

7. Søndag etter Triening, 13. juli:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Eidsland Kapell kl. 17.00. Sokneprest Bjørsvik.

8. Søndag etter Triening, 20. juli:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

«Dersom me seier at me ikkje hev synd so dårar me oss sjølve, Og sanninga er ikkje i oss. Dersom me sannar syndene våre, so er Han trufast og rettferdig, so Han forlet oss syndene, og reinsar oss frå all urettferd».

(1. Johs. brev 1:9-9)

9. Søndag etter Triening, 27. juli:

Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Eksingedalen Kyrkje kl. 16.00. Sokneprest Bjørsvik.

10. Søndag etter Triening, 3. august:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Offer til Dale Indremisjon.

Vaksdal Kyrkje kl. 18.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

11. Søndag etter Triening, 10. august:

Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

12. Søndag etter Triening, 17. august:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Offer til Institutt for Kristen Oppseding. Stamnes Kyrkje kl. 17.00. Res. kap. Steinnes.

13. Søndag etter Triening, 24. august:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

14. Søndag etter Triening, 31. august:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Eksingedalen Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Offer til Norsk Lærarakademi.

Nesheim Kyrkje kl. 16.00. Res. kap. Steinnes.

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer

Frukt og grønnsaker

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421 Frå Til
Måndag, Tysdag. Onsdag og Fredag .. 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605
Tysdag og Fredag 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

STAMNES, Tlf. 3 a
Måndag frå kl. 9.30 til kl. 14.30

Bruvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA

Dale Handelsforening
Dalekvam

TOMAS UTSKOTIS
SKOFORRETNING
Dalekvam

RADIOSPECIALEN $\frac{1}{5}$

Tlf. 2240 DALEKVAM

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR
SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN $\frac{1}{5}$

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

Stanghelle Handel
STANGHELLE

Vaksdal koop. Handelslag

VAKSDAL

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710,

Kjøp i Dykkar eigen forretning